

Overordna retningslinjer for tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket

For Luster kommune 2026 -2028



Vedteke i Plan og forvaltningsutvalet 10.03.2026 sak 13/26



Luster kommune



Prosess og lokal forankring

I Forskrift om tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket (NMSK) §3 står det: «Det skal fastsettast overordna retningslinjer for prioritering av søknadar. Dei skal vidare utarbeidast i dialog mellom Statsforvaltaren, kommunane og næringsorganisasjonane. Overordna mål er stimulering til auka verdiskaping i skogbruket samstundes som miljøverdiar knytt til biologisk mangfald, landskap, friluftsliv og kulturminne i skogen vert ivareteke og vidareutvikla»

Det er signal frå Statsforvaltar at satsane må takast ned samanlikna med kva tilskotsnivået har vore fram til 2026.

Grunnlag – verdiar og utfordringar i kommunen

Tre og skog er langsiktig og det er difor viktig at ein tenker krinslaup. Å sørge for god forynging etter hogst og helst kombinert med ungskogpleie undervegs. Skogbruket i Norge skal dessutan drivast etter miljøstandarden PEFC. Denne er gjeldane for alle aktørane i verdikjeda. Å prioritere felles løysingar er noko ein bør etterstrebe. Dessutan fokus på skogen si rolle i klimasamanheng.

Det er viktig å vere klår over at skogbruket har innverknad på flora, fauna og friluftsliv, og at ein må ta omsyn og til desse interessene. Det bratte terrenget på Vestlandet med meir ustabil ver er og viktig å ta omsyn til ved hogst og vegbygging i bratte ller.

Kjelder og kunnskapsgrunnlag

Viktige kjelder for kunnskapsinnhenting innan tema skogbruk er Naturbasen, Kulturminnebasen, Kilden, Normalar for landbruksveier, Rettleiar -« Skogsvegar og skredfare», SAT – skog og SR16, Miljøregistreringar i Skog (MiS), Markfuktkart, Temakart.nve.no/tema/skredfaresone, Skogtakst Alma og evt. Landskogstakseringa sin feltinstruks

Mål og prioriteringar

Overordna mål med tilskotsbruken er å sikre langsiktig og auka verdiskaping i skogbruket, samstundes som miljøverdiar knytt til biologisk mangfald, landskap, friluftsliv og kulturminne i skogen vert ivaretekne og vidareutvikla.

Naturmangfaldlova §7 sine prinsipp om offentleg mynde skal innarbeidast i vedtaket og bli lagt til grunn for avgjersla om tilskot.

Skogsvegar

1. Anlegg som gjev tilgang til store granfelt med mykje hogstmoden skog som er fellesløysingar.
2. Nybygging eller ombygging av vegar i samband med vindfallhogst
3. Anlegg som gjev tilgang til store granfelt med mykje hogstmoden skog hjå einskildskogeigar
4. Bilvegar framfor traktorvegar men traktorvegar kan og vere tilkomstveg om ressursane er små og/eller vanskeleg terreng

Offentlege aktørar som OVF og Statsskog bør få lågare tilskot om dei er søkjarar.

Vegtiltak som kostar under kr. 30.000 har ikkje rett på statstilskot.

Drift med taubane, hest o.a.

Ein eigen taubanekalkulator skal bli nytta. Søknad på eige skjema med kart som viser areal, dokumentasjon av forventa tømmerpris, driftskostnad og driftsvolum. Der er alderskrav med målingar over heile feltet med minst 4 målingar per tusen m³ og dette skal dokumenterast på kart. Ikkje tilskot til areal som skal omdisponerast til andre føremål enn skogbruk. Arbeidsfrist på inntil 5 månader med mogelegheit for forlenging. Det skal skrivast i tilskotsbrevet at tilskotet automatisk vert trekt inn når arbeidsfrista går ut. Det er krav om MIS eller dokumentert føre-var-registrering i tråd med Norsk PEFC standard. Det er krav om planting av gran på same eller tilsvarende areal etter drift. Tilskotssats vert rekna ut etter modellen:

		Gjennomsnitt virkesverdi				
		500	600	700	800	900
Driftskostnad	375	120	25	0	0	0
	400	130	50	0	0	0
	425	150	75	0	0	0
	450	170	100	0	0	0
	475	190	120	25	0	0
	500	200	130	50	0	0
	525	200	150	75	0	0
	550	200	170	100	0	0
	575	200	190	120	25	0
	600	200	200	130	50	0
	625	225	200	150	75	0
	650	250	200	170	100	0
	675	250	200	190	120	25
	700	250	200	200	130	50
	725	250	200	200	150	75
	750	250	200	200	170	100
	775	250	200	200	190	120
	800	250	200	200	200	130
	825	0	0	0	0	150
	850	0	0	0	0	170
	875	0	0	0	0	190
	900	0	0	0	0	200
	925	0	0	0	0	0
	950	0	0	0	0	0
	975	0	0	0	0	0
	1000	0	0	0	0	0

Lågaste alder for tilskot:

Bonitet

G26 og betre

G23

G20

G17

Lågaste totalalder

55 år

65 år

70 år

80 år

**Tillegg til alder målt i
brysthøgde**

+ 10 år

+ 12 år

+ 13 år

+ 14 år

Skogkultur

Tilskot til å få i gong tilfredsstillande forynging etter hogst skal prioriterast. Skogbrukslova §6 pålegg skogeigar dette. I følge berekraftforskrifta er tilfredsstillande forynging planting av same eller høgare produserande treslag enn

det som er hogd. Det finst areal der det er feilplanting, t.d. gran frå 1970-80 talet der det hadde vore betre med furu. Tilfredsstillande forynging skal vere på plass innan tre år etter at hogsten har skjedd. Ein må kombinere bruk av skogfond med tilskot og sette av minst 15%. Ved avgrensa midlar skal løyving til forynging bli prioritert framfor løyving til ungskogpleie og skjøtsel.

Miljøtiltak i skog

Det kan gjevast tilskot til å dekke meirkostnadar eller tap ved å gjennomføre skjøtseltiltak for å ivareta og utvikle verdier knytt til biologisk mangfald, landskap, friluftsliv og kulturminne, dekke tap for skogeigarar som tek vare på nøkkelbiotopar/rovfugltreir/tiurleikar og dekke tap for skogeigarar som avstår frå å bygge veg som kan redusere «villmarksprege område»

Andre tiltak

Det kan og bli løyvd tilskot til tiltak som er heimla i NMSK-forskrifta § 8. Det kan t.d. vere skogkulturprosjekt med fleire kommunar eller opprusting av mindre flaskehalsar på vegnettet

Oversikt over tilskotssatsar

Tiltak	Spesifikasjon	Tilskotssats
Landbruksvegar ny- /ombygging	Traktor(kl. 7 og 8)	25 – 30%
	Bilveg kl. 5 (utan hengar)	30 – 35 %
	Bilveg og tilkomstveg	30 – 50 %
Drift med taubane, hest o.a.	Gran	Eigen utrekningsmodell
	Furu	Eigen utrekningsmodell
Skogkultur	Framkøying til bilveg	
	Planting/plantekjøp	30 %
	Markriving	30% - kr. 800/da kostnadstak
	Ungskogpleie	50 % - kr. 1000/da kostnadstak
	Supplering	30% +50% + x %
Miljøtiltak i skog	Ta kontakt med skogforvaltninga	

I tillegg til desse statlege tilskotsordningane har Luster kommune og kommunale tilskot for skogkultur og skjøtsel jf. til ei kvar tid gjeldande dokument» retningslinjer for næringssaker». Det gjeld dei tiltaka som samstundes kvalifiserer for statlege tilskot. Tilskotssatsen er på 20 % av den godkjende kostnaden.

For landbruksvegar har Luster kommune ein tilskotssats på 10% til vegar som har fått statstilskot og 20 % til vegar som ikkje vert tildelt eit slik tilskot jf. til ei kvar tid gjeldande dokument» retningslinjer for næringssaker» . I motsetnad til statstilskotet vert all landbruksinteresse rekna med i tilskotsgrunnlaget og ikkje berre skoginteressa.

Kjelder:

- Statsforvaltaren i Vestland – « Rettleiing til kommunar for utarbeiding av overordna retningslinjer» februar 2024
- Forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket
- E-post frå Statsforvaltaren, skog 27.10.2025 (justering av taubanemodellen)
- Framsidebilete – skogdag Skårdalen Hafslo sept. 2022